

Møtereferat

Møte: Styremøte nr. 4-2018 i Sunnmøre Regionråd IKS

Møtedato: 01.06.2018

Møtetid: kl. 09.00-09.30

Møtestad: Parken Hotel i Ålesund

Til stades:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, ordførar i Stranda kommune

Nestleiar Vebjørn Krogsæter, ordførar i Haram kommune

Styremedlem Eva Vinje Aurdal, ordførar i Ålesund kommune

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, rådmann i Ørskog kommune

Styremedlem Dag Olav Tennfjord, ordførar i Skodje kommune

Varamedlem Geir Inge Lien, ordførar i Vestnes kommune

Forfall:

Styremedlem: Lena Landsverk Sande, ordførar i Vanylven kommune

Styremedlem: Marit Larssen, rådmann i Giske kommune

Sak 24/2018 Val til nytt styre i Sunnmøre Regionråd

Det var ein merknad om at styret gjerne ville hatt innstillinga frå valnemnda tilsendt før møtet. Vidare vart det kommentert at det er ønskjeleg å få ordninga med valnemnd med i selskapsavtalen.

Leiar av valnemnda, Dag Olav Tennfjord, la fram valnemnda si innstilling. Heile styret var på val. Valnemnda vurderte at det var uheldig å skifte ut heile styret.

Styremedlem Marit Larssen (rådmann i Giske kommune) og varamedlemmane Arnulf Goksøyr (ordførar i Herøy kommune) og Wenche Solheim (rådmann i Ørsta kommune) hadde gjeve valnemnda tilbakemelding om at dei ikkje ønskte attval.

Valnemnda innstilte rådmann i Vanylven kommune Andreas Chr. Nørve som nytt styremedlem. Valnemnda innstilte ikkje på at ordførar i Vanylven kommune Lena Landsverk Sande vart attvalt, dette på grunn av at Vanylven kommune ikkje skulle ha to styremedlemmar. Ordførar i Stordal kommune Eva Hove vart innstilt som nytt styremedlem. Vidare innstilte valnemnda ordførar i Giske kommune Harry Valderhaug og rådmann i Skodje kommune Bente Vikhagen Glomset som nye varamedlemmar til styret. Øvrige styremedlemmar og varamedlemmar til styret vart innstilt på attval.

Valnemnda innstilte ordførar i Stranda kommune Jan Ove Tryggestad som styreleiar og ordførar i Haram kommune Vebjørn Krogsæter som nestleiar.

Valkomiteen si innstilling til nytt styre 2018-2020 vart då som følgjer:

Styreleiar: ordførar Jan Ove Tryggestad (Stranda kommune)

Nestleiar: ordførar Vebjørn Krogsæter (Haram kommune)

Styremedlem: ordførar Eva Vinje Aurdal (Ålesund kommune)

Styremedlem: ordførar Eva Hove (Stordal kommune)

Styremedlem: ordførar Dag Olav Tennfjord (Skodje kommune)

Styremedlem: rådmann Synnøve Vasstrand Synnes (Ørskog kommune)

Styremedlem: rådmann Andreas Chr. Nørve (Vanylven kommune)

1. vara ordførar: ordførar Geir Inge Lien (Vestnes kommune)

2. vara ordførarar: ordførar Jørgen Amdam (Volda kommune)

3. vara ordførarar: ordførar Harry Valderhaug (Giske kommune)

1. vara rådmenn: May-Helen Molvær Grimstad

2. vara rådmenn: Bente Glomset Vikhagen

Styret tok valnemnda si innstilling til nytt styre til vitande. Valnemnda si innstilling til nytt styre vert lagt fram for representantskapet.